



Bygdevekstavnale

Orientering for SIPR

2022-09-28



Innhald

- Bakgrunn
- Tidslinja
- Dei andre interessantane
- Utfordrings- og moglegheitsbilete
- «Søknaden»
- Suksesskriteria



Bakgrunn

- Regjeringa har lyst ut midlar til utprøving av bygdevekstavgifter i inntil 5 pilotområder, fordelt på 2 fylker kor Finnmark skal vere det eine. Treårig pilotordning.
- Bygdevekstavgifter skal vere eit nytt distriktpolitisk verkemedel som skal bidra til busetjing, tilgang på arbeidskraft med den rette kompetansen og framtidsretta næringsutvikling i nokre av dei mest spreidd bebygde områda av landet.
- Det er løyvd 10 mill. kr. i 2022. Kvar pilot kan søkje om inntil 2 mill. kr. til å førebu eit avtaleutkast med staten (fase 1).
- Om det blir inngått avtale med staten, vil kommunane kunne søkje om midlar til å gjennomføre bygdevekstavgiftane (fase 2).



Tidslinja

23.6.22

Utlysning av ordninga

15.8.22

Frist for å melde interesse

28.9.22

Dagen i dag/Styremøte SIPR

30.9.22

Søknadsfrist

21.10.22

Frist ettersending politiske vedtak



Dei andre interessentane

- Totalt 27 interessentar pr 15.8
- 4 frå Finnmark
- 5 frå Nordland
- 3 frå Rogaland (3,5)
- 2 frå Vestland (2,5)
- 1 frå Møre og Romsdal
- 1 frå Telemark
- 1 frå Troms
- 6 frå Trøndelag
- 1 frå Viken
- 1 frå Innlandet
- 1 frå Agder (region Setesdal)

Namn på søker (kommune)	Deiltakende kommuner	Fylke
Setesdal	Setesdal, Åseral, Bygland, Vølle, Bykle, Evje og Hornes	Agder
Loppe	Loppe, ev. Alta	Finnmark
Midt-Finnmark	Forsanger, Gamvik, Lebesby og Nordkapp	Finnmark
Hasvik	Hasvik, Måsøy, Hammerfest	Finnmark
Vestre Varanger	Berlevåg, Båtsfjord, Nesseby og Tana	Finnmark
Fjord	Fjord	Møre og Romsdal
Dønna	Dønna	Nordland
Hattfjelldal	Samarbeid med studiesenteret RKK Vefsn, som eies av kommunene Hattfjelldal, Hemnes, Grane, og Vefsn	Nordland
Træna	Træna, Røst og Værøy, åpen for å samarbeide med andre som Utsira	Nordland
Beim	Beim, Saltdal	Nordland
Lofoten	Flekstad, Moskenes, Røst, Vestvågøy, Værøy, Vågan	Nordland
Utsira	Utsira, ev Hasvik	Rogaland
Kviteseid	Kviteseid, Bokn, Utsira	Rogaland
Suldal	Suldal, Hjelmeland, Sauda	Rogaland
Vest-Telemarkrådet	Fyresdal, Nissedal, Tokke, Vinje, Kviteseid og Seljord	Telemark
Dyrøy	Dyrøy, Salangen	Troms
Tydal	Tydal, Selbu og Meråker	Trøndelag
Trøndelag Spr-interkommunalt politisk råd	Holtålen, Røros, Midtre Gauldal, Melhus, Rennebu og Oppdal	Trøndelag
Namdal regionråd/Røyrvik kommune	Røyrvik, Namsskogan, Lierne og Grong	Trøndelag
Indre Fosenregionen	Fosen, Osen, Ørland og Årjord	Trøndelag
Rindal	Rindal, Holtålen	Trøndelag
Hiltra	Hiltra	Trøndelag
Solund	Solund, ev. Askvoll og Gulen	Vestland
Sogndal	Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal	Vestland
Fedje	Fedje, Utsira og Solund	Vestland/Rogaland
Nore og Uvdal	Nore og Uvdal, ønsker å samarbeide med andre kommuner	Viken
Nord-Gudbrandsdalen	Skjåk, Lom, Vågå, Sel, Dovre og Lesja	Innlndet



Utfordrings-/moglegheitsbilete

Utfordringar

- Stort areal, lite innbyggjarar (2,5 % av innbyggjarane i Agder)
- Folketal og demografi
- Underskott på arbeidskraft
- Låg andel tilsette i privat sektor
- Lågare utdanningsnivå enn fylket
- Høg andel deltid kvinner
- Høg andel m/vedvarande låg inntekt
- Folkehelseproblematikk

Mao eit ikkje unormalt utfordringsbilete for ein distriktsregion i Noreg.

Moglegheiter

- Rural arealutvikling
- Høg sysselsettingsandel
- Godt nivå på utdanning (GS/VGS)
- Gode på lærekontraktar
- Over 9000 fritidsbustadar (23 %)
- Allereie i gong med ulike prosjekt som heng saman med utfordringsbiletet
- Gjennomføringsevne i kommunane



Søknaden

«4 innovasjonsprosjekt og 2 berebjelker»



Konsept

Rural og
berekraftig
arealforvaltning

Samanhengande
regionale
kompetansemiljø

Mobilitet og
infrastruktur

Nasjonal
turistveg

Digital transformasjon

Samskaping og innbyggarmedverknad



Rural og
berekraftig
arealforvaltning



*Korleis kan kommunane saman få til ei
berekraftig arealforvaltning i region
Setesdal?*

Region Setesdal ynskjer å finne
berekraftige løysingar for
lokalsamfunna der mange funksjonar
er spreidde med til dels lange
avstandar . Aktuelle stikkord er
berekraftig alternativ for hyttebygging,
spreidd busetting og landbruk.



Samanhengande
regionale
kompetansemiljø



Korleis kan nye måtar å samarbeide på gjere det meir attraktivt å jobbe i alle kommunane i Setesdal?

Skal vi skape innbyggjarvekst spelar også kommunane, som dei store arbeidsgjevarane dei er, ei nøkkelrolle. Eit prosjekt på samarbeid med utgangspunkt i å styrke attraktiviteten i små kommunar kan bli ein nasjonal pilot. Både i forlenginga av generalistkommuneutvalets arbeid, og som ein del av regjeringas nye distriktspolitikk.



Mobilitet og
infrastruktur



*Korleis vi kan arbeide med dei
barrierane som finst for å få til andre
mobilitetsløysingar enn det som finst i
dag?*

*Korleis kan vi utvikle det fysiske
digitale grunnlaget for god
distriktsutvikling?*



Nasjonal
turistveg



*Korleis kan vi utvikle eit innhald som
gjer RV 9 (nasjonal turistveg) til ein
motor for reiselivsnæring i heile
regionen?*



Korleis kan vi bruke digital transformasjon som ei berebjelke i innovasjonsprosjekta?

Vi ønsker at regionen skal spele ei viktig rolle i utviklinga av kunnskapsbasert og datadriven utvikling i tråd med Regionplan Agder 2030 og Digitaliseringsstrategien for offentleg sektor.

Vår region kan bidra inn i felles Agderprosjekt kor vi kan utforske moglegheiter for å utvikle konsept for bruk og gjenbruk av data i samband med berekraftig arealforvaltning, regionale kompetansemiljø og mobilitetsløysingar.

Digital transformasjon



Kan framtidens bygdesamfunn bli meir attraktive gjennom samskaping? Det ynskjer region Setesdal å prøve ut.

Samskaping er på mange måtar ei vidareutvikling av innbyggarmedverknad, der samskaping handlar om å invitere inn lokalbefolkninga, frivillige, næringsliv og andre aktørar i lokalsamfunnet som likeverdige samarbeidande partnerar, der dei får kome med eigne bidrag til å definere, designe, implementere og drive fram løysingar saman med kommunane. Stort potensial i å inkludere våre hytteinnbyggjarar i dette!

Samskaping og innbyggarmedverknad



Suksesskriteria

- Eit samla Agder som peiker på Setesdal som den naturlege bygdevekstpartnaren for staten utafor Finnmark
- Eit samla politisk arbeid frå regionen - treng ikkje dagens regjering eit positivt prosjekt på Agder?

